
Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/921-1

Dato
13.01.2014

Infotavler ved vegstenging - Svar på oversendingforslag

Samla plan for omkøyingsvegar – Svar på oversendingingsforslag

I samband med handsaming av melding nr. 137/13 på møte i samferdselsutvalet 23.10.13 gav representantane Tom Skauge (Sv) og Einar utro (H) uttrykk for at ein i samband med vegstengningar burde ha ein plan for omkøyingsvegar i fylket.

Samferdselsavdelinga sendte i brev av 31.10.13 oversendingforslaget frå samferdselsutvalet over til vidare handsaming i Statens vegvesen. Det ligg no føre savar frå Statens vegvesen i brev av 03.01.14 (sjå vedlegg).

Fylkesrådmannen viser til brevet frå Statens vegvesen, og har elles ikkje nokon merknader.



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Pb. 7900
5020 BERGEN

Behandlende eining: Region vest	Sakshandsamar/innvalsnr: Kaisa Tonheim Banne - 55516273	Vår referanse: 2013/107500-006	Dykkar referanse: 201307174	Vår dato: 03.01.2014
------------------------------------	--	-----------------------------------	--------------------------------	-------------------------

Infotavler ved vegstenging - Oversendingsforslag i samferdselsutvalet

Statens vegvesen viser til oversendingsforslag sendt 31. oktober 2013 frå samferdselsutvalet angående infotavler ved vegstenging. Samferdselsutvalet etterlyste status for infotavler og alternativ som kan sikre betre informasjon.

Statens vegvesen Region vest har dei siste åra bygd ut nettverket av elektroniske informasjonstavler, der Vegtrafikksentralen kan leggje inn fritekstmeldingar til trafikantane. Vi har i dag 15 slike fritekststavler i Hordaland. I tillegg styrer Vegtrafikksentralen i Region vest tre fritekststavler som er plassert utanfor fylket, men som vert brukt til å informere trafikantane om køyretilhøve og hendingar på høgfjellsvegane inn mot Hordaland og Sogn og Fjordane. Desse tre er plassert på **Gol**, **Hønefoss** og på **Geilo**. I Hordaland har vi slike tavler plassert følgjande stadar:

- **Trengereid** i retning Ev-16 Voss og Fv-7 Tysse/Kvam
- **Voss** i retning Ev-16 Trengereid
- **Vasstun** i retning Rv-13 Odda
- **Knarvik** i retning Ev-39 Opedal fergekai og Fv-57 i retning Lindås/Radøy.
- **Fv-540 Løvestakktunnelen** i retning Bergen sentrum, Rv-555
- **Storavatn** i retning sentrum
- **Ev-16 Arna** ved utløpet av Arnanipatunnelen i retning mot Arna (vert òg brukt ved hendingar mellom Arna og Nesttun)
- **Ev-39 Vågsbotn** i retning Bergen sentrum (for tida demontert pga. anleggsarbeid i området)
- **Ev-39 Øyjorden** i retning Bergen sentrum
- **Ev-39 Kloppedalsmyra** mellom Hop og Nesttun i retning Nesttun
- **Rv-580 Sørås** i retning mot Bergen sentrum
- **Fv-557 Birkelandskrysset** i retning Knappetunnelen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

På **Halhjem fergekai** og **Sandvikvåg fergekai** kan vi nytte friteksttavlene som informerer om neste fergeavgang. Her formidler vi også informasjon om vegstengingar. Då vekslar teksten på desse to tavlene mellom info om neste ferjeavgang og vegmeldingane.

Siste tavla er sett opp i **Granvin**, og vert testa no.

Vi har planar om ei rekke nye friteksttavler, både i Hordaland og i resten av regionen. Budsjetta for vegavdelingane framover vil avgjere kor mange nye vi klarer å sette opp (dei kostar ca 400 000 per stk.).

Vegavdeling Sogn og Fjordane kjøpte i fjor inn seks mobile skiltvogner og tre skrivarar for produksjon av tekst til desse skiltvognene. Desse vognene skal brukast i heile fylket, på tvers av driftskontraktane. Dei skal opererast av byggherren, og ikkje av entreprenør. Målet er at vi med eit slikt oppsett raskare skal kunne produsere skilttekst etter «skreddarsaum»-prinsippet. Må vi bestille slike skilt eksternt, tar dette tid, som vi gjerne ikkje har når noko plutsleg skjer på vegnettet vårt. Dersom erfaringane med dette oppsettet i Sogn og Fjordane viser seg å vere så positive som det vi håpar på, vil vi utvide bruken av denne typen oppsett til dei to andre fylka, og vurdere å legge inn krav om slikt utstyr i malen for driftskontraktane.

I tillegg til dei meldingane som vert formidla ut til trafikantane via friteksttavler og andre skilt som Statens vegvesen og entreprenørane styrer, har Vegtrafikksentralen gode system og rutinar for formidling av vêr- og trafikkmeldingar til radio og presse. Vi meiner difor at vi langt på veg har dei verktøya vi treng for å kunne gi rask og rett informasjon til trafikantane ved både planlagde og ikkje-planlagde hendingar på veg. Utfordringa framover vil vere å sikre at alle involverte – både internt i Statens vegvesen og hos entreprenørane våre – nyttar dei verktøya vi faktisk har, raskt og effektivt når det er viktig å få informasjon raskt ut til trafikantane.